





©℗ 2017 TA:LIK TA182V BIEM/NCB. ALL RIGHTS RESERVED. MADE IN EU.

# A

1 STATUEN

2 NAUSTET

*Der står eit hus aller nedst mot fjera*
*og stirer blindøygt mot sjø og hav,*
*med låke veggar*
*og tunge dører,*
*med grisne skjeltrar og gammalt stav.*

*Det står der stilt utan glas og gluggar,*
*ja utan golv, utan loft og lys,*
*og vinterdagen*
*sig gjennom veggen,*
*med gufs av vøte og trekk og frys.*

*Men om no golvet er berre moldgrus,*
*det gjømmer minne i flo på flo,*
*av bruk og verkty*
*og gammal stordom*
*om ingen hender det nyttar no.*

*Men det er soge om menn som levde*
*i lite lys, og som fraus og svalt.*
*Gå inn i naustet*
*og stå der lenge,*
*der finn du runer som seier alt.*

*Her er ein styrvol du skulle sjå på,*
*eit spjerra segl og ein sundslått båt.*
*Det ligg her verdlaust*
*og endå er det*
*vår kvardagssoge i von og gråt.*

*Men slår det opp sine store dører,*
*då får kvar tingen der inne liv.*
*Då levnar støa,*
*då vaknar fjera,*
*og folk og kvardag får fart og driv.*

*Det står eit nedslite hus ved sjøen*
*og skeivt det verkar i bord og stav.*
*Det står der fattig*
*og grått som fjera,*
*og stirer ut mot det åpne hav.*

*Lyrics: Lars Berg*

3 LEON

4 PÅ VEI

5 SEVATSLÅTTEN

6 TAMPEN BRENNER

7 VIDUNDERVALSEN

# B

1 Æ LIGG I SNØ

*Æ ligg i snø*
*æ har øyan åpen*
*et lite frø*
*i ei diger seng*
*kan hende det*
*e den beste måten*
*å finne fred*
*i si kvite eng*

*Med ett så e*
*æ en liten engel*
*æ ligg og sprelle*
*med vingan på*
*førr alt e åpent*
*det e inga stengsel*
*mon tru om himmeln*
*e nærmere no*

*I stormen e*
*vi jo alle nøye*
*vi vokte hus*
*og vi passe hjem*
*men når bygan gjer sæ*
*og vinden løye*
*da e vi sårbar*
*og redd igjen*

*Æ ligg i snø*
*æ har logge lenge*
*ei kjølig skulder*
*å kvile på*
*det e så mye*
*som æ sku fortrenge*
*det e 'kje alltid*
*ei anna råd*

*Lyrics: Halvard Rundberg*

2 POLAR

3 HANNES

4 VALENTINA

5 RETT TE VÆRS

6 FÅ UT FINGERN